

Vedtekter for Herøy Vasslag SA

vedteke på årsmøte 18. april 2012
§7 revidert på årsmøtet 7. mai 2014
§2 revidert på årsmøte 27. april 2016
§5, §7 og §8, revidert på årsmøte 4. mai 2017
§3 revidert på årsmøte 26. april 2018
§5 og §6 revidert på årsmøte 25. mai 2023
§3 revidert på årsmøte 21. mai 2025

§ 1 Namn og selskapsform

Føretaket sitt namn er Herøy Vasslag SA. Føretaket er eit samvirkeføretak drive i samsvar med lov om Samvirkeføretak av 29. juni 2007 nr. 81 (**Samvirkelova**). Føretaket har vekslande medlemstal og kapital.

Føretaket har sitt forretningskontor i Herøy kommune. Medlemane heftar ikkje for føretaket sine forpliktingar utover innskoten andelskapital.

Føretaket vert leia etter demokratiske reglar og er partipolitisk nøytralt.

§ 2 Formål

Vasslaget skal syte for tilfredsstillande vassforsyning samt legge til rette for å bygge ut brannvatn i samsvar med til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter, i laget sitt forsyningsområde.

Private vassleidningar skal byggjast og vedlikehaldas av medlemane, men vasslaget fastset kvalitetskrav som må oppfyllast for å få knyte seg til vasslaget sitt leidningsnett. (Sjå eige reglement)

Laget skal drivast etter sjølvkostprinsippet med allmennnyttige formål som basis.

Eventuelt årsoverskot skal leggast til føretaket sin allmenne eigenkapital.

Det skal ikkje betalast renter på innskoten andelskapital eller utdelast utbyte til medlemane.

§ 3 Medlemskap/Andelskapital

Einkvar som er einig i føretaket sitt formål, som godtek føretaket sine vedtekter og som eig ein eide dom som kan knytast til vasslaget sitt leidningsnett, har rett til å bli medlem i føretaket mot å betale det fastsette andelsinnskotet.

Medlemskapen er knytt til fast eide dom med eige Gnr./Bnr./Snr. Det skal betalast ein andel for kvar sjølvstendige eide dom.

Det er fastsett fylgjande andelsinnskot:

Bustad, privat fritidseide dom/rorbu: kr. 12 500,-

Naust: kr. 6 250,-

Næringseide dom: kr. 12 500,- + kr. 25,- pr. m² inntil 1000m² og kr. 20,- pr.m², over 1000 m².

Medlemskapen skal fylgje eide domen og skal overdragast til ny eigar ved sal av eide domen. Overdraging til ny eigar skal meldast til vasslaget utan opphald.

Utmelding frå føretaket skal skje skriftleg og med 3 – tre månaders varsel. Andelsinnskotet tilbakebetalast ikkje ved utmelding.

§ 4 Rettar og plikter

Medlemane skal betale eit årsgesbyr som er delt i ein fast del og ein forbruksdel. Storleiken på årsgesbyret vert fastsett av årsmøtet etter framlegg frå styret. Gebyret skal dekkje dei årlege driftsutgiftene, renter og avdrag på gjeld, tilsyn og vedlikehald samt avskrivningar av anleggskapitalen. Styret fastset kva tid årsgesbyret skal vere innbetalt. Vert ikkje gebyret betalt i rett tid, kan styret, etter varsel til medlemanın som ikkje har betalt, vedta å stengje vatnet for vedkomande eide dom.

Ved vidaresal av ein eide dom, skal medlemskapet følgje eide domen saman med rettar og plikter. Krav på ubetalt gesbyr eller andre krav kan såleis rettast mot nytt medlem og eigar av eide domen. Den tidlegare medlemanın held likevel frem med å hefte for sine økonomiske skyldnader overfor føretaket.

Kvart medlem har plikt til å godta at vassleidningar vederlagsfritt vert lagt over eide dommen sin, men vasslaget skal syte for at den vert til minst mogeleg skade for grunneigaren. Vasslaget har ikkje noko ansvar for driftsstopp eller skade som følgje av lekkasje eller stopp i vassforsyninga. Medlemane har plikt til å halde kranene i husa sine tette og sjå etter at det ikkje vert brukt vatn i utrensmål.

§ 5 Føretaket sine organ

Årsmøte er føretaket sitt øvste organ.

Årsmøtet skal velje styre på seks medleamar med tre varamedleamar. Medlemane veljast for to år. Styrets leiar veljast av årsmøtet ved særskilt val.

Styrets leiar, to styremedlemar og eit vara medlem står på val det eine året, tre styremedleamar og to varamedleamar det andre året. Styret konstituerer seg sjølv og vel nestleiar.

Føretaket skal ha ei valnemnd på fem medleamar, valde på årsmøtet med funksjonstid 2 år. To medleamar står på val det eine året og tre det andre året. Bergsøy, Leinøy/Remøy, Bølandet, Tjørvåg/Myrvåg/Leikong, skal kvar ha minst eitt medlem i valnemnda.

Eit medlem i valnemnda kan ikkje sjølv vere utsending eller sitje i styret, og kan ikkje sitje samanhengande meir enn to valperiodar. Valnemnda skal gjere framlegg om kven som skal vere styremedlemmar og utsendingar.

§ 6 Leiing av føretaket

Styret skal leie føretaket si verksemd i samsvar med Samvirkelovas bestemmelser, vedtekten og dei reglar elles som årsmøtet fastset.

Styret er vedtaksfør når fire styremedlemmer møter. Eit styrevedtak krev at fleirtalet av dei styremedlemmar som er med på behandlinga av ei sak, har røysta for. Det skal førast møtebok. Styreleiar har signatur for laget. Styret skal tilsetje dagleg leiar og anna nødvendig driftspersonell og fastsetje løna til desse.

Dagleg leiar skal stå for den daglege drifta i føretaket etter dei retningsliner og pålegg som styret har vedteke.

§ 7 Årsmøte

Årsmøtet består av 25 valde utsendingar med 12 varautsendingar som representerer medlemmane. To av dei 25 utsendingane skal veljast av Herøy kommune. Utsendingane si funksjonstid er to år, og då slik at halvparten av utsendingane står på val kvart år. Utsendingane skal også møte på eventuelle ekstraordinære årsmøte.

Valet av utsendingar skal skje innan utgangen av februar. Alle medlemane i laget har rett til å ta del i valet. Valet skal vere nettbasert på laget si heimeside eller skriftleg på vasslaget sitt kontor, om ikkje styret vedtek at det i staden skal haldast særskilt valmøte. Styret skal innan utgangen av januar informere medlemmane om valet. Valnemnda skal innan 21. januar kome med framlegg til utsendingar og freiste å oppnå ei god geografisk, kjønnsmessig og aldersmessig fordeling av utsendingar. Medlemmane kan også røyste på andre utsendingar enn det valnemnda har gjort framlegg om. Ved val av utsendingar har kvart medlem berre éi røyst, uavhengig av storleiken på andelsinnskotet. Dersom eit medlem eig fleire eigedomar som er knytte til vasslaget sitt leidningsnett, har medlemmen i utgangspunktet ei røyst pr. eigedom, likevel avgrensa til maksimalt fem røyster for kvart medlem.»

Styret innkallar til årsmøtet, og styreleiar leier møtet. Kvar utsending har éi røyst. Innkalling til årsmøte, både ordinært og ekstraordinært, vert sendt skriftleg på papir eller med e-post til alle utsendingane og skal vere komen fram seinast to veker før møtet skal haldast. Møtet vert i tillegg kunngjort i lokalavisa og på føretaket si heimeside. Det skal førast protokoll frå møtet.

Saker som medlemmane ynskjer å fremje må vere komne til styret seinast 21 dagar før årsmøtet. Styret skal førebu sakene som skal handsamast på årsmøtet. Sakene vert avgjorde med vanleg fleirtal, om ikkje anna er fastsatt i Samvirkelova. Står røystetalet likt, gjeld det som møteleiaren sluttar seg til.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når revisor eller minst 1/10 av medlemmane krev det skriftleg for å få tatt opp eit klart oppgitt emne.

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. juni.

Ordinært årsmøte skal behandle fylgjande saker:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av referent og to medlemmar til å underskrive protokollen
3. Styret si årsmelding
4. Revidert rekneskap med revisjonsmelding og vedtak om disponering av årsresultat
5. Fastsettjing av årsgebyr
6. Fastsettjing av styrehonorar etter innstilling frå valnemnda
7. Andre sakar som er tatt med i innkallinga
8. Val av styremedlemmar og medlemmar av valnemnda

Årsregnskap og årsmelding skal gjerast tilgjengelege for medlemmane på føretaket si heimeside seinast ei veke før det ordinære årsmøtet skal haldast, og vert dermed ikkje sendt til medlemmane saman med innkallinga.

§ 8 Oppløysing

Vedtak om å løyse opp føretaket kan avgjerast med 2/3 fleirtal når minst halvparten av utsendingane er til stades. Er ikkje møtet vedtaksfört, må det haldast ekstraordinært årsmøte, og på dette møtet vert saka avgjord av 2/3 fleirtal av dei avgitte røystene.

Når det er vedteke å oppløse føretaket, skal årsmøtet velje eit avviklingsstyre på tre medlemmar og to varamedlemmar som trer inn i staden for styret og dagleg leiar.

Avviklingsstyret skal gjennomføre avviklinga i tråd med reglane i kapittel 10 i Samvirkelova.

Ved avvikling av føretaket har medlemmane ikkje rett til å få utbetalt verken andelsinnskot eller inneståande på eventuell medlemskapitalkonto, jf. samvirkelova § 135, 3. ledd.

Attverande midlar i føretaket etter at skulda er dekte skal gå til Herøy kommune.

§ 9 Twisteløysing

Alle twistar mellom Herøy Vasslag SA og laget sine medlemmar skal søkjast løyst ved forhandlingar. Fører forhandlingar ikkje fram skal saka løysast ved dei ordinære domstolane.